



# Handlingsplan

**Elevane sitt skulemiljø**

ved  
Åheim skule

**Godkjent i SU den.....**



## Kapittel 9 A. Elevane sitt skulemiljø

### § 9 A-1. Verkeområde for kapittelet

Kapittelet her gjeld for elevar i grunnskolen og den vidaregåande skolen. Kapittelet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skulefritidsordningar, med unntak av §§ 9 A-10 og 9 A-11.

### § 9 A-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

### § 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid

Skolen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapittelet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

### § 9 A-4. Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skulen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigaren i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

- kva problem tiltaka skal løyse
- kva tiltak skolen har planlagt
- når tiltaka skal gjennomførast
- kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- når tiltaka skal evaluerast.

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd.

### § 9 A-5. Skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.



### **§ 9 A-6.Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker**

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til Fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal Fylkesmannen avvise saka, med mindre særlege grunnar gjer dette urimeleg. Det same gjeld dersom saka ikkje gjeld skulemiljøet på skulen der eleven går når saka blir meldt til Fylkesmannen.

Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som Fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal sørge for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i Fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem Fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5, kan Fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføringa av vedtaket, og Fylkesmannen skal følge opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9 A-10, eller at ein elev skal byte skule, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerda til Fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningsloven. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

### **§ 9 A-7.Det fysiske miljøet**

#### **§ 9 A-8.Elevdeltaking i arbeidet med skulemiljøet**

Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø.

Elevrådet kan oppnemne representantar til å vareta elevane sine interesser overfor skolen og styresmaktene i skulemiljøssaker..

#### **§ 9 A-9.Informasjonsplikt og rett til å uttale seg**

Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapittelet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til Fylkesmannen etter § 9 A-6.

#### **§ 9 A-10.Ordensreglement**

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

#### **§ 9 A-11.Bortvising**

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkelttimar eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.



## Førebygging

- Årleg spørjeundersøking blant elevane i 5. – 10. klassene
- Spektrum – ei ikkje anonym spørjeundersøking om mobbing. Vert gjennomført haust og vår. Gjeld alle elevane
- Tiltak på skuleområdet
  - Høg lærartettleik i friminutta, bruk av «vaktvestar», tydelege reglar, aldersbestemte elevsoner, leikepatrulje, sjå til at elevane er i positiv leik, vere særleg observante på elevar som går mykje åleine, ta på alvor når elevane bed om hjelp, gripe inn ved brot på skulen sine ansvarsreglar, melde frå til kontaktlærer/administrasjon ved mistanke om mobbing, ha blick for kvar enkelt elev, vere ein tydeleg og trygg vaksenperson
- Tiltak i gym/garderobe
  - Vaksne er til stades i garderobane
- Skulereglane oppslått på alle klasserom:
  - Vi skal ikkje mobbe andre
  - Vi skal prøve å hjelpe andre som vert mobba
  - Vi skal også vere saman med elevar som lett vert åleine.
  - Dersom vi veit at nokon vert mobba skal eg fortelje det til kontaktlæraren (eller ein annan lærar) og til dei heime
- Arbeid for eit godt klassemiljø og eit godt skulemiljø skal alltid vere ein naturleg del av skulekvardagen.
- Foreldra vert på ulike måtar med i arbeidet med å skape gode klassemiljø og skulemiljø
- På minst eitt av klassemøta er mobbing tema.
- Bekymringsmeldingar og varsling
  - Vi melder frå til kontaktlærer og/eller administrasjon dersom vi har mistanke om at ein elev vert mobba eller utsett for krenkjande åtferd. Kontaktlærer varslar vidare til rektor som saman med kontaktlærer utformar evt. aktivitetsplan.
- Informasjon til foreldra
  - Foreldra vert informerte om tiltak vi har for skape eit godt skulemiljø
  - Foreldra vert informerte om kva tiltak vi set i verk dersom ein elev vert utsett på mobbing, vald, diskriminering og trakassering





## Arbeidet mot mobbing og anna krenkjande åtfærd ved Åheim skule

Kva	Når	Korleis	Ansvar
Gjennomgå skulen sin handlingsplan om elevane sitt skulemiljø	Ved skulestart	Informasjon på personalmøte	Administrasjonen
Alle får skulen sine ordensreglar	Tidleg haust	Info-skriv Pedt	Administrasjonen
Gjennomgå ordensreglar og klassereglar	Ved skulestart	Informasjon i klassa	Kontaktlærer
Foreldremøte der klasse- og skulemiljø er oppe som tema	Møtet om hausten	Vert lagt inn i førebuingane	Kontaktlærer og klassekontaktar
Undersøking blant elevane i 5-10.kl om mobbing	Haut og vår	Spørjeundersøking (Elevundersøkinga og Spekter)	Administrasjonen, Lærarar
Klassekontaktane får informasjon om klasse- og skulemiljøarbeid	Klassekontaktmøte om hausten - FAU	Informasjon	Administrasjon
Kva gjer vi i vår klasse?	Klassekontaktmøte Foreldremøte	Drøfting mellom klassestyrar og klassekontakt	Kontaktlærer og klassekontakt
Mobbing, vald, diskriminering og trakassering som tema	Fleire gongar i året	I både naturlege og planlagde samanhengar	Kontaktlærer
Elevsamtalar	To gongar i året	Eleven sin trivsel er eit av punkta i samtalen	Kontaktlærer
Utviklingssamtalar	To gongar i året	Førebuingsskjema der trivsel er eit av punkta for samtalen	Kontaktlærer
Klassemøte	Minst 4 g pr år	Trivsel/mobbing som tema	Kontaktlærer



## Kjenneteikn

### Vi er merksame på at slike elevar ofte kan vere mobbeoffer:

- Barn som er litt engstelege
- Barn som fryktar sosiale situasjonar der dei føler seg pressa.
- Barn som ofte lett tek til tårene.
- Barn som har eit svakt sjølvbilete
- Barn som er einsame på skulen.
- Barn som er redde for å bli skada eller slå seg.
- Barn som ofte har lettare for å omgå vaksne enn jamaldrande

### Vi er merksame på at slike elevar ofte kan vere mobbarar:

- Barn som har ei meir positiv haldning til vald enn folk flest.
- Barn som har ei sterk trong til å dominere og hevde seg med makt og truslar for å få viljen sin.
- Barn som har vanskar med å innordne seg reglar
- Barn som verkar tøffe og syner lita evne til empati
- Barn som ofte er aggressive også mot vaksne
- Barn som er flinke til å snakke seg ut av vanskelege situasjonar.

## Forventningar

### Vi skal som lærarar arbeide for å utvikle klassene til velfungerande sosiale system ved m.a. ved å:

- Ha klare retningsliner for arbeidet i timane
- Vere godt førebudde til timane
- Starte presis og på ein samlande måte
- Avslutte timen på ein ryddig og roleg måte
- Ha klare klassereglar som elevane kjenner og sluttar seg til
- Gjennomføre regelmessige klassemøte
- Leggje til rette for sosiale trivselstiltak i klassen
- I elevsamtalar/konferansar ta opp eleven sin trivsel på skulen
- Ha ein heilt klar null-toleranse for mobbing/plaging

### Vi forventar at foreldra er ein samarbeidande part i arbeidet mot mobbing og for eit godt klassemiljø m.a. ved å :

- Melde frå til skulen ved mistanke om mobbing
- Vere lojale overfor skulen sine vedtak
- Ta del i/gjennomføre tiltak som kan vere sosialt samlande for klassen
- Møte til konferansetimar og på foreldremøte
- Saman med eleven førebu seg til konferansetimar
- Ta opp med skulen problem som eleven måtte ha



## § 9 A-4: Aktivitetsplikta

1. Plikt til å følgje med
2. Plikt til å gripe inn
3. Plikt til å varsle
4. Plikt til å undersøke
5. Plikt til å sette inn tiltak



Alle som arbeider på skulen vert omfatta av aktivitetsplikta.

### Plikt til å følgje med

- Sjå til at elevane er i positiv leik
- Ha på «vaktbriller» ved mistanke om utestenging, mobbing
- Vere særleg observante på elevar som går mykje åleine
- Sjå den enkelte elev kvar dag
- Vere obs på samspelet mellom elevane ved mistanke om utestenging, mobbing

### Plikt til å gripe inn

- Ta på alvor når elevane bed om hjelp,
- Gripe inn ved brot på skulen sine ansvarsreglar,

### Plikt til å varsle

- Melde frå til kontaktlærer/ administrasjon ved mistanke om utestenging, mobbing
- Kontaktlærer/administrasjon melder frå til føresette



### **Plikt til å undersøke**

- Observere
- Samtale med impliserte partar for å få mest mogleg informasjon
- Gjennomføre ulike kartlegging
- Loggskrivning

### **Plikt til å sette inn tiltak**

- Samtale med impliserte partar(elevar, foreldre, lærarar)
- Opprette aktivitetsplan
- Lage forpliktande dokumenterte avtalar
- Auka observasjon i friminutta og timane
- «Vaktbriller» i friminutta
- Styrke med ekstra vakt
- Fast loggskrivning lagt inn i vekeplanen
- Klassemøter ved behov
- Gjenta samtalar med impliserte partar etter avtalt tid.
- Halde fram med tiltak om ikkje betring, evt avslutte sak

## **§ 9 A-5 Skjerpa aktivitetsplikt når tilsette krenker elevar**

### Varsling:

- Dersom ein som arbeider ved skulen får mistanke eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenkingar, skal vedkomande varsle rektor. Rektor varslar skuleeigar
- Dersom det er ein i skuleleiinga som krenker, skal skuleeigar varslast direkte av den som fattar mistanke





## § 9 A-4 Dokumentasjonsplikta

### Dokumentasjon 1: Aktivitetsplan - § 9A-4(6)

Denne erstattar enkeltvedtak og skal vere ein skriftleg dokumentasjon på korleis skulen vil ta tak i ei sak. Aktivitetsplanen skal innehalde:

- Kva problem tiltaka skal løyse
- Kva tiltak skulen har planlagt
- Når tiltaka skal gjennomførast
- Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
- Kva tid tiltaka skal evaluerast

Aktivitetsplanen vert sendt til heimen.

### Dokumentasjon 2: Dokumentere det som vert gjort - § 9A-4(7)

Skulen skal dokumentere arbeid som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i enkeltsaker

- Gjeld arbeid som vert gjort i høve til å sikre at krava **å følgje med, gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak** vert oppfylt
- Dokumentasjonen skal vere skriftleg

Dokumentasjonen skal arkiverast i elevmappa

